


Bokn kommune
Seksjon kultur, skule og barnehage

Bokn skule



Bokn 27.11.20

INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche Havikbotn, rektor
mobil 41764082

wenche.havikbotn@bokn.kommune.no

Annette Bokneberg, skulekontor,
tlf 52752569

annette.bokneberg@bokn.kommune.no

Frode Lindanger, undervisningsinspektør
tlf 52752557

frolin@bokn.skule.no



Førjulstid!

Me går no inn i julemånadene. Dette året vil det bli litt annleis enn det med tradisjonelt er vant til. Når det gjeld smittevernreglar er skulen fortsett på gult nivå slik me har vore heile hausten. Me vil så langt det er mogleg gjennomføre ein tradisjonell førjulstid på skulen, sjølv om me må gjere nokre tilpassingar.

Onsdag 9. desember blir det juleverkstad, men ikkje felles for heile skulen. Me deler elevane opp i fylgjande grupper:

- 1. – 3. klasse
- 4. – 6. klasse
- 7. – 10. klasse

Julegudstenesta hadde me planlagt til fredag 11. desember, men slik det ser ut akkurat no vil den nok bli utsett til våren. Men de vil få meir informasjon om dette dersom de skjer forandringar.

Elevane vil også øve inn opptrim til ei juleforestilling. Men me kan dessverre ikkje ha ei tradisjonell avslutning der de som foreldre blir invitert til å komma å sjå.

Siste veka før jul vil me blant anna bruke til å filme dei ulike elevinnslaga. Dette vil bli redigert saman til ei digital førestilling som de vil kunne sjå heime fredag 18. desember.

I løpet av den siste veka vil me sende ut informasjon på Visma om korleis og kor de skal logge de inn for å sjå juleavslutninga. Vi håper at alt det tekniske i høve til dette vil fungere og at de vil få ei fin oppleving sjølv om de ikkje får sjå dette live denne gongen.

Siste skuledag for elevane før jul er fredag 18. desember.

Første skuledag etter jul er måndag 4. januar.

Ha ei fin jul!

Med helsing

Wenche Havikbotn
Rektor

